# Meland kommune

Thomas Hagewick
Holtermandsvegen 21 B
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 10.01.2018 |
| Vår: 18/43 - 18/689 | larissa.dahl@meland.kommune.no | |

## Førebels svar på byggesøknad i ett trinn tilbygg GBNR 23/83- Frekhaug

Meland kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.01.18. Saka har saksid. 18/43.
Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter.
Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.
Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.
Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).
Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

| **Sakstype** | **Tidsfrist** |
|---|---|
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2, 20-3 og 20-4, som ikkje medfører dispensasjon frå plan. | 12 veker |
| Søknad om dispensasjon frå plan eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan | 12 veker |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2, 20-3 og 20-4, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker |
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-4, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. | 3 veker |

| | |
|---|---|
| Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve ikkje rekna som gjeve. Arbeidet kan ikkje setjast i gang. | |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve. | 12 veker |
| Søknad om igangsetting | 3 veker |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk. | 3 veker |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. | 3 veker |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.
Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Larissa Dahl
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Thomas Hagewick | Holtermandsvegen 21 B | 5918 | FREKHAUG |